

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: 19. desember 2008
Stad: Nesbyen, Haged Gjestegård

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Laila Tryde, og regionkontakt Terje Moen.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

SAK 77/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 1 -3.12.2008

Vedtak

Møteprotokoll 1-3.12.2008 vart vedteke.

SAK 78/08 SØKNAD OM STØTTE TIL FORPROSJEKT ”UTVIKLINGSSTRATEGIER FOR DEAF AID ”

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på inntil 50% av kostnadane, innafor ei tilskotsramme på kr. 210.000, til arbeidet med ”Utviklingsstrategiar for Deaf Aid”. Regionrådet vil presisere at grunngevinga for vedtaket fyrst og fremst er med bakgrunn i det aktivum ei oppbygging av Deaf Aid vil kunne få for Hallingdal.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2008.
3. Medlem i styringsgruppa frå Regionrådet for Hallingdal er Torleif Dalseide.

SAK 79/08 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, ENDELEG FORSLAG TIL HANDLINGSPLAN

Saksopplysning

Med bakgrunn i Hallingtinget si sak 07/08 handlingsprogram Strategisk plan, har Regionrådet i sak 58/08, 65/08 og 73/08 drøfta prioriteringar i forhold til Strategisk plan, med vekt på 2009. Regionrådet heldt fram med drøftingane.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vedtek handlingsprogram med prioriteringar 2009, dat. 19.12.2008, for Strategisk plan for Hallingdal.

SAK 80/08 MØTEPLAN 2009

Vedtak møteplan for 2009

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 23.1.2009	09.00	Gol	Regionrådet
Fredag 27.02.2009	09.00	Flå	Regionrådet Inkl. dialogmøte med fylkesmannen
Torsdag – Fredag 26 – 27.3. 2009		Fagernes	Regionrådet Møte med Valdres Natur- og Kulturpark ved Regionstyre
Tysdag - Onsdag 28 - 29.04.2009	09.00	Ål	Hallingtinget
Fredag 29.05.2009	09.00	Hol	Regionrådet
Fredag 19.6.2009	09.00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 28.08.2009	09.00	Nes	Regionrådet
Onsdag 23.09.2009	09.00	Flå	Hallingtinget
Fredag 30.10.2009	09.00	Gol	Regionrådet
Fredag 27.11.2009	09.00	Ål	Regionrådet
Fredag 11.12.2009	09.00	Hol	Regionrådet

SAK 81/08 MØTE MED DISTRIKTSVEGSJEF ERIK FURUSETH

Distriktsvegsjef Erik Furusetth orienterte m.a. om:

- Organisering av Statens vegvesen og moglege endringar m.a. med bakgrunn i regionreforma. Det blir m.a. sett på distriktsinndelinga, der det i dag er ca. 30 distrikt, og der det kan vera aktuelt med færre distrikt, t.d. at Buskerud blir eit distrikt.
- Det vil bli auka bemanning ut frå at det er visse kapasitetsproblem.
- Som eit resultat av m.a. dialogkonferansen vil det bli ei meir bevisst haldning i Statens vegvesen, i forhold til å konsentrere seg om dei viktige sakene. M.a. vil det bli ei strengare vurdering i forhold til bruk av innsigelse og det vil bli prioritert konferanse tidlegare i planprosessane.
- Vegstandard er ei stor utfordring, men der det er håp om auka løyvingar allereie frå 2009.

SAK 82/08 MØTE MED LENSMANN PÅL MIKKELRUD

Med bakgrunn i helgar med mangelfull politidekning i Hallingdal og bekymring for situasjonen framover, var lensmann Pål Mikkelerud (talsmann for lensmennene i Hallingdal) invitert til å orientere om situasjonen. Kort oppsummering:

- Godt samarbeid i Hallingdal, alle lensmennene er likestilte, det er gjort regionale tilpassingar
- Total vaktstyrke er 18 mann, 2 og 2 saman, skulle hatt fleire fast politimenn

- Problemstilling med arrestforvararar er løyst, skal ikkje lenger bruke politi på transport
- Det vil vera forsvarleg politidekning i jul og nyttår.
- Har førebels ikkje bra nok opplegg utover vinteren.
- Problem med rekruttering, Hallingdal er ikkje lenger eige aspirantdistrikt.
- 4 vakante stillingar (1 på Nes, 2 på Ål, 1 på Geilo)
- Hallingdal har like mange straffesaker som Ringerike/Jevnaker

Ål 5.1.2009

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar

Vedlegg:
Strategisk plan for Hallingdal, handlingsprogram med prioriteringar 2009, dat. 19.12.2008